

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Attn: Senioringeniør Jakob Fjellanger  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Bergen, 2. desember 2013

## **Nye saksopplysingar gjeldande friluftslivinteresser knytta til Øystesevassdraget**

Vi viser til at Norges vassdrags- og energidirektorat for tida skriv innstilling i saka gjeldande Øystesevassdraget (NVE saksnummer 201001976). Vi viser til det forvaltningsrettslege prinsipp om at forvaltningsorganet har ein sjølvstendig plikt til å sjå etter at saka er ”så godt opplyst som mulig” før vedtaket vert truffe, jf. Forvaltningslova § 17 første avsnitt. Vi ønsker difor å bidra med nye saksopplysingar, som vi meiner er av tyding for vurderinga av det faglege grunnlaget gjeldande friluftslivinteresser i området og som har tyding for utfallet i saka. Fråsegner vi har gjeve tidlegare i saka ligg framleis fast.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) stilte 11. mai 2011 vilkår til kva utgreiingsprogrammet skulle innehalde (NVE referanse NVE 201001976-44 kv/jfj), og presiserte mellom anna: ”Det skal gjerdes rede for dagens bruk av området. Dette inkluderer en beskrivelse av hvem som bruker det, hvilke aktiviteter som foregår, om området gir atkomst til andre områder av betydning for friluftsliv og om området er en del av et større friluftsområde”. Vi ønsker særleg å gje nye saksopplysingar om friluftslivet i tråd med desse føringane frå NVE. Influensområdet er i rapporten ”Konsekvenser for friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv” (SWECO, 2011) avgrensa til Svartavatnet, Vossadalsvatnet og Fitjadalen ned til utlaupet ved Hardangerfjorden. Likevel må vi tolke NVE sitt utgreiingskrav 11. mai 2011 slik at ein må synleggjera influensområdet som del av eit større friluftslivområde, og ikkje minst gjera greie for aktivitet og bruken av området i friluftslivsamanhang.

Føremålet med konsekvensutgreiingar i vasskraftsaker er å få fram avgjerdsrelevant informasjon basert på eksisterande opplysingar eller nye undersøkingar. Konsekvensutgreiingsprosessen kan vurderast som ei særskild formalisering av saksopplysingskravet, og dermed vert vilkår som NVE har stilt i samband med konsekvensutgreiingsprogrammet særleg viktig å oppfylle i forhold til kva opplysingar som skal innhentast som del av saksutgreiinga.

Føringane frå NVE 11. mai 2011 legg vekt på at det skal gå fram om området er ein del av eit større friluftsområdet og om området gjev tilgong til andre områder av tyding for friluftslivet. Influensområdet er ein del av eit større område av stor verdi for friluftslivet. I Kvammafjella og Bergsdalsfjella har Bergen og Hordaland Turlag no eit samanhengande turrutenett med seks hytter. Vi har ei T-merka rute som i stor grad følgjer øvre del av Øystesevassdraget, som startar ved Fitjadalsvatnet (oppr. Fetadalen) og som passerer rett gjennom influensområdet

ved Vossadalsvatnet. I tillegg er det sti frå Fitjadalen og opp til Breidablik, og frå Breidablik og ned til Solheimsdalsvatnet (jf. **vedlegg 5**). Våre turruter i Kvammafjella (el. Kvamsfjella) koblar seg vidare mot turruter i Bergsdalsfjella. Det er mogleg å følgje turrutene og gå vidare mot Voss utferdslag sine turruter i Vossefjella, td. mot Torfinnsheim (tilhøyrer Voss Utferdslag) og vidare mot Voss over Gråsida. I tillegg kan ein også gå via Kiellandbu og følgja T-merka rute ned til Botnen i Fykkesund, Kvam herad. Alternativrute går frå Søre Hamlagrø gjennom Langedalen og ned til Botnen. Desse rutene og hyttene er ein del av det nasjonale hytte- og turrutenettet til Den Norske Turistforening.

Frå og med 1. november 2013 har Bergen Turlag skifta namn til Bergen og Hordaland Turlag. Vi har eit medlemstal på 25 500 medlemmer og er Vestlandet sin største interesseorganisasjon for friluftsliv. Organisasjonen veks og vi merker at den generelle interessa for friluftsliv aukar i befolkninga.

## **Nye saksopplysingar som vert lagt fram her:**

1. Ei ny hytte har i laupet av sommaren 2013 vorte reist ved Nedre Gulltjørn (i nærleiken av Øvre Dukavatnet). Hytta ”**Gullhorgabu**” opnar sommaren 2014, og har eit stort potensial til å verta ei svært populær hytte. Vi ventar auka besøk i heile området når Gullhorgabu opnar – tilsvarende det vi opplevde når Vending vart opna. Då Vending vart opna i 2007 steig besøket også på Høgabu (sjå besøkstal skildra i punkt 3 for Bergsdalsfjella og Kvammafjella). Når vi no komplementerer og gjer turtilbodet meir tilgjengeleg, er det venta auka besøk i heile området. Dette opnar opp for fleire turmoglegheiter. Dette gjeld også for Breidablik – Vending. To ruter er T-merka der denne sesongen.

2. Hyttetunet Breidablik opna sommaren 2013, og har eit stort potensial til å verte eit svært populært turmål i åra som kjem. Dei nye anlegga – Gullhorgabu og Breidablik – har begge særpreg som aukar attraktiviteten og besøk. Samla utgjer no hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella eit samanhengande turrutenett, som dannar eit godt grunnlag for hytte-til-hytte turar.

3. Bruken av hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella auka i sesongen 2012. Det var også auke for nokre av hyttene i sesongen 2013. Vi legg fram statistikk som ein indikator på bruken av området i friluftslivsamanhang.

4. Om lag 373.085 menneske har Bergsdalsfjella og Kvammafjella tilgjengeleg i sine nærområder.

5. Tek vi utgangspunkt i dei kommunane som har Bergsdalsfjella og Kvammafjella i sine nærområder er det interessant å sjå på trendane for befolkningsutvikling. Alle modellscenario frå Statistisk sentralbyrå syner at vi kan venta ein vekst i folkesetnaden dei neste 15 åra. Folkesetnaden om 15 år vil også framleis ha behov for områder til å utøve friluftsliv i.

6. Miljødirektoratet er i ferd med å oppdatere det statistiske grunnlaget for inngrepsfrie områder i laupet av 2013. Ser vi på tilgjengeleg datamaterial for Kvam herad, så er trenden over dei siste 20 åra ein reduksjon i INON sone 1 og 2. Vi forventar at NVE vil ta omsyn til dette i innstillinga, jf. Naturmangfaldlova § 7.

7. Eit samanhengande INON-område strekkjer seg over delar av tre kommunar og ligg i influensområdet til det omsøkte prosjektet i tilknytning til Vossadalsvatnet. Eit prosjekt her vil gjera eit innhogg i det siste store samanhengande INON-området i Bergsdalsfjella og Kvammafjella. Figur 6-1, s. 22, i rapporten "Konsekvenser for friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv" (SWECO 2011) viser ikkje influensområdet i ein kontekst og at dette faktisk er ein del av eit større inngrepsfritt område av stor verdi for friluftslivet. Vi ber difor NVE leggja vekt på influensområdet som del av eit samanhengande, større friluftsområde i innstillinga – dette vil vera i tråd med utgreiingskravet NVE sette fram 11. mai 2011.

8. I utgreiingskrav frå NVE 11. mai 2011 vert det lagt vekt på å synleggjera "dagens bruk av området" og "hvilke aktiviteter som foregår". Vi legg ved eit oversyn over aktivitetar som Bergen og Hordaland Turlag har i området, jf. **vedlegg 2**. Vi må her hugse på at influensområdet er ein del av eit større friluftsområde av stor verdi, og at utover aktivitetane til Bergen og Hordaland Turlag, så er dette også området populært for hyttefolk i Bergsdalen, Hamlagrøsen og på Kvamskogen. Området er også brukt til dagsturmål av lokalbefolkninga.

9. I influensområdet finn vi eit stølsområde og gamle ferdselsveggar (sjå **vedlegg 1**), som framleis er i bruk i dag (sjå **vedlegg 5**). I utgreiingskrav frå NVE 11. mai 2011 vert det lagt vekt på ei skildring av om "området er ein del av eit større friluftsområde" og "hvem som bruker området". Vi legg ved eit utval av mediaklipp som skildrar Bergen og Hordaland Turlag sine aktivitetar og bruk av området, jf. **vedlegg 3**.

10. NVE stilte også følgjande utgreiingskrav 11. mai 2011: "Utredningen skal baseres på eksisterende opplysninger og samtaler med offentlige myndigheter, organisasjoner, grunneiere og lokalt berørte". Vi har ikkje mottatt førespurnad om å levere opplysningar i samband med utgreiinga frå konsulentselskapet.

11. Eit viktig punkt i NVE sitt utgreiingskrav 11. mai 2011 er at utgreiinga skal basera seg på "eksisterende opplysninger". I vedlegg 4 gjev vi eit oversyn av eit utval av sentral turlitteratur som skildrar bruk og føreslår bruk av området. Dette burde ha vore ein del av utgreiingsgrunnlaget og referansane til rapporten "Konsekvenser for friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv" (SWECO 2011). Vi vonar at NVE vil ta desse kjeldene med i utgreiingsgrunnlaget for innstillinga, som ein dokumentasjon på friluftslivbruken av området, jf. **vedlegg 4**.

12. Vi kan ikkje sjå at jettegrytene i Vossadalselva er skildra i rapporten om landskap og rapporten om friluftsliv.

13. Vi vil her leggja til at ein populær rundtur går frå Fitjadalen til Breidablik, og frå Breidablik og ned til Solheimsdalsvatnet, og forbi Fugladalsvatnet og ned langs Vossadalen attende til Øystese. **Ny rute har i år blitt merkja langs traseen Fitjadalen – Breidablik – Solheimsdalsvatnet.**

14. Bilete som syner vassføringa i øvre del av Øystesevassdraget ein vanleg haustdag (19.10.2008).

På bakgrunn av desse nye saksopplysingane stiller vi spørsmålsteikn ved verdivurderinga og konsekvensvurderinga som er lagt fram i rapporten ”Konsekvenser for friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv” (SWECO 2011).

## Nye saksopplysingar

1. Ei ny hytte har i laupet av sommaren 2013 vorte reist ved Nedre Gulltjørn (dette er det offisielle namnet hjå Statens kartverk på vatnet, men lokalt er namnet Nedre Gullhorgatjørn nytta – vatnet ligg like i nærleiken av Øvre Dukavatnet). Hytta ”**Gullhorgabu**” vil verta tatt i bruk sommaren 2014. Det er venta at Gullhorgabu kjem til å verta eit svært populært tilbod, og opnar for fleire turmoglegheitnar knytta til rutenettet i Kvammafjella og Bergsdalsfjella både sommars - og vinters tid. Bergen og Hordaland Turlag ventar auka besøk i heile området når Gullhorgabu opnar – tilsvarande det vi opplevde når Vending vart opna. Då Vending vart opna i 2007 steig besøket også på Høgabu (sjå besøkstal skildra i punkt 3 for Bergsdalsfjella og Kvammafjella). Den gamle millitærvegen frå Småbrekke og fram til Gullhorgabu gjer at hytta vert godt tilgjengeleg for barnefamiljar. Vi ventar at Gullhorgabu vil verta sær populær i denne brukargruppa. Vending er også eit attraktivt mål for barnefamiljar (sjå bilete 3).



Bilete 1 Hytta ”Gullhorgabu” vart reist sommaren 2013 og vil verta opna sommaren 2014 (Foto: Bergen og Hordaland Turlag, oktober 2013).

2. Bergen og Hordaland Turlag har overtatt hyttetunet ”Breidablik” i nærleiken av fjellet Skrott. Første sesongen hyttetunet var i drift var sommaren 2013. Hytta var i 2013 open frå og med 1. juli til og med 8. september.



Bilete 2 Del av hyttetunet på Breidablik, Kvam herad, september 2013 (Foto: Bergen og Hordaland Turlag, september 2013).

3. Sesongen 2012 var det auka bruk av hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella i forhold til tidlegare år. Alle hyttene i Bergsdalen og Kvammafjella opplevde ei auke i hyttebesøk samanlikna med 2011: Høgabu +18,24 %, Alexander Grieg +6,73 %, Kiellandbu +5,74 % og Vending +11,65 %. I 2013 har Sesongen 2013 har det vore ei auke i forhold til 2012 særleg for Høgabu +0,5% og Vending +11,80% i høve 2012. Den 1. juli 2013 opna hyttetunet Breidablik med ein overnattingsfrekvens på 5,6 overnattingar per døgn (staden har 14 sengeplassar). Sesongen 2012 hadde hyttene i Bergsdalsfjella og Kvammafjella eit samla besøkstal på 4949 og i sesongen 2013 eit besøkstal på 5272. Når vi vurderer desse registrerte besøkstala må vi hugse på at dette berre utgjer ein liten del av den reelle og faktiske bruken av området. Vår turinformasjon i Tverrgt. 4-6, 5017 Bergen, mottek mange førespurnader om området og ønske om å få turforslag i området. I den samanheng kan nemnast at turkartet "Kvamskogen og Bergsdalen" er solgt i 2750 eksemplar berre sidan 2007 berre i Turlaget sin turinformasjon åleine. Knut Langeland skriv i boka "Sjelebot" (2013), s. 165, at ekteparet Huse (dei opprinnelege eigarane av Breidablik) i 2009 hadde 769 gjestar skrive seg inn i hytteboka frå siste helga i juli d.å. til 17. september. Rekorden har vore på over 1200 gjestar på ein sesong som har registrert seg i hytteboka til ekteparet Huse.

Dersom vi ser på dei gjestane som oppgjev kvar dei kjem i frå nyttar 36,5 % av dei besøkande i 2013 Fitjadalen på veg til Breidablik. Ytterlegare 18 % av gjestane som vitjar Breidablik oppgjev av dei kjem frå Øystese. Totalt utgjer dette 54,5 %. Av gjestande som oppgjev kor dei skal etter å ha vitja Breidablik så nyttar 29,4 % vegen attende til Fitjadalen, og ytterlegare ~23 % tek vegen attende til Øystese. Totalt utgjer dette 52,4 %. Dei øvrige gjestane dreg vidare mot andre stader i rutenettet til Bergen og Hordaland Turlag i Bergsdalsfjella og Kvammafjella. Vi ber om at NVE legg dette til grunn som ein indikasjon på bruken av influensområdet og verknadene eit mogleg inngrep vil ha på opplevingsverdien. Bruken av hyttene er ein viktig indikator på friluftslivaktiviteten i området. I tillegg kjem all den

friluftslivaktiviteten i området som ikkje vert registrert på noko vis knytta til turar utanom hyttene.



**Bilete 3 Vending turisthytte ligg ved Vendingstjørn (Foto: Bergen og Hordaland Turlag, 2012)**




**Bilete 4 Kiellandbu (Foto: Bergen og Hordaland Turlag, august 2012)**



Bilete 5 Høgabu turisthytte (Foto: Bergen og Hordaland Turlag, oktober 2013)


4. Kvammafjella og Bergsdalsfjella utgjør regionalt svært viktig friluftsområder. Om vi ser på folkesetnaden som har disse områda tilgjengeleg i umiddelbar nærleik, og tek utgangspunkt i kommunane Kvam, Voss, Vaksdal, Samnanger, Bergen, Askøy, Fjell, Osterøy og Os, så utgjør dette 373.085 menneske (per 1. januar 2013, kjelde: Tabell: 07459: "Folkemengde, etter kjønn og ettårig alder. 1. januar (K)", Statistisk sentralbyrå).

5. Kvammafjella og Bergsdalsfjella utgjør eit regionalt svært viktig friluftsområde. Ved Fitjadalsvatnet går det eiga T-merka rute som fører opp i Kvammafjella. Det er få større og samanhengande inngrepsfrie områder igjen i Hordaland. Modellar for befolkningsframskriving indikerer at området også i framtida vil vera særst verdfullt med tanke på vekst i befolkinga i nærområda til Kvammafjella og Bergsdalsfjella. Estimert befolkningsvekst under alle scenarior skulle tilseie eit styrka behov for områder til rekreasjon og friluftsliv. Desse områda med eit samanhengande belte av inngrepsfrie områder vil difor ha potensialet til å få ei styrka rolle. Modellane til Statistisk sentralbyrå for befolkningsframskriving dei neste 15 år estimerer at det under eit scenario med låg nasjonal vekst vil vera 416 600 menneske busett i kommunane som har Kvammafjella og Bergsdalsfjella som eit nært og svært viktig regionalt friluftslivområde. Dersom vi tek utgangspunkt i modellscenarior med høg nasjonal vekst vil det vera om lag 472 000 menneske busett i dei same ni kommunane om 15 år (sjå punkt 4).



Figur 1 Befolkningsveksten dei neste 15 åra i 9 kommunar som har Kvammafjella og Bergsdalsfjella, som eit nært og svært viktig regionalt friluftslivområde (y-akse: befolkingstal \* 100000, x-akse: årstal). Dette er basert på statistikk frå befolkningsframskrivingsmodellar for låg, middels og høg nasjonal vekst (Datakjelde: Tabell: 09482: Framskrevet folkemengde etter kjønn og alder, i 9 alternativ (K) (B), Statistisk sentralbyrå).

6. Miljødirektoratet er i ferd med å oppdatere det statistiske grunnlaget for inngrepsfrie områder. Oppdateringa skal vera ferdig før utgangen av 2013. Tal for perioden 1988 – 2008 syner ein reduksjon av inngrepsfrie områder i Kvam herad dei siste 20 åra (Datakjelde: Miljødirektoratet).




Figur 2 Reduksjon av inngrepsfrie områder i Kvam kommune 1988 – 2008 (y-akse: km, x-akse: årstal). I ein 20-års periode har det skjedd ein reduksjon i inngrepsfrie områder i Kvam kommune, trenden er synkjande for INON sone 2 og sone 1. Inngrepsnære områder har som følge av tyngre tekniske inngrep auka etter tilførsle frå INON sone 2 og sone 1 i Kvam kommune. (Datakjelde: Miljødirektoratet).

7. Med tanke på statistikken presentert i punkt 7 må ein ta omsyn til at øvre del av Øystesevassdraget fell inn under eit større samanhengande inngrepsfritt område som strekkjer seg frå Kvammafjella og over i Bergsdalsfjella på om lag 153,78 km<sup>2</sup> INON-sone II og INON-sone I, og dekkjer eit område som fell innanfor dei kommunale grensene til Kvam herad, Samnanger kommune og Vaksdal kommune. Nettopp av di dette er eit større



inngrepsfritt område, så har det også stor verdi som friluftslivområde. Innanfor nordre del av Vossadalsvatnet startar ein enklave på om lag 9,37 km<sup>2</sup> INON-sone I, som er ein del av dette samanhengande inngrepsfrie området. Dette er ein del av eit større friluftsområde som vert nytta av hyttefolk i Hamlagrøosen og Kvamskogen. Dessutan er det eit område populært for dagstur mål blant dei lokale. Øvre del av Øystesevassdraget er i ”Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021” definert som sårbart høgfjell av stor verdi.



Figur 3 Eit større samanhengande inngrepsfritt område som strekkjer seg frå Kvammafjella og inn i Bergsdalsfjella. Kartkjelde: DN.INON.01.08, Miljødirektoratet

8. I utgreiingskrav frå NVE 11. mai 2011 vert det lagt vekt på å synleggjera ”dagens bruk av området” og ”hvilke aktiviteter som foregår”. Vi legg ved eit oversyn over aktivitetar som Bergen og Hordaland Turlag har i området, jf. **vedlegg 2**. Vi må her hugse på at influensområdet er ein del av eit større friluftsområde av stor verdi, og at utover aktivitetane til Bergen og Hordaland Turlag, så er dette området populært for hyttefolk i Bergsdalen, Hamlagrøosen og på Kvamskogen. Både Kvammafjella og Bergsdalsfjella er også brukt til dagstur mål av lokalbefolkninga.

Rapporten ”Konsekvenser for friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv” (SWECO 2011) synleggjer i mindre grad tydinga området har for vinterbruk i friluftslivsamanhang. Influensområdet inngår i eit område som er mykje nytta vinterstid også. Ein klassikar er turtraseen frå

Hamlagrø via Fugladalen til Kvamskogen. I si tid hadde Bergen Turlag eit stort vinterturarrangement som fulgte denne løypa – noko som illustrerer potensialet for arrangerte vinterturar i dette området. Ein populær tur for hyttefolk på Kvamskogen går til toppen av Fuglafjell. I Bergsdalen og på Hamlagrøsen er det også ein del fritidshytter, og området er også eit populært skiområde (sjå vedlagt brosjyre ”Skiturer i Bergsdalen” frå Bergen Turlag (2012), som også skildrar turar i Kvammafjella).

**9.** I influensområdet finn vi eit stølsområde og gamle ferdselsveggar (sjå *vedlegg 1*), som framleis er i bruk i dag. I utgreiingskrav frå NVE 11. mai 2011 vert det lagt vekt på ei skildring av om ”området er ein del av eit større friluftsområde” og ”hvem som bruker området”. Vi legg ved eit oversyn over mediaklipp som skildrar Bergen og Hordaland Turlag sine aktivitetar og bruk av området, jf. *vedlegg 3*.

**10.** NVE stilte også følgjande utgreiingskrav 11. mai 2011: ”Utredningen skal baseres på eksisterende opplysninger og samtaler med offentlige myndigheter, organisasjoner, grunneiere og lokalt berørte”. Vi vil leggje til at Bergen og Hordaland Turlag ikkje har vorte konsultert i utgreiingsfasa av rapporten ”Konsekvenser for friluftsliv, jakt, fiske og reiseliv” (SWECO 2011).

**11.** Eit utval av relevant friluftslivlitteratur som dokumenterer ”eksisterende opplysninger” som er relevant for saka, jf. *vedlegg 4*.

**12.** I Vossadalselva som renn inn i Fitjaldalsvatnet eksisterer det eit parti med jettegryter som pregar vassdragsnaturen, og som også er ein del av den landskapsmessige opplevingsverdien. Vi kan ikkje sjå at desse er skildra i rapporten om landskap eller i rapporten om friluftsliv. Vi håpar at NVE registrerer at dette burde vore skildra i desse rapportane.



Bilete 6 Jettegryte i Øystesevassdraget (Foto: Vernelag for vassdrag i Kvam)

**13.** Ny sti har i år blitt merka frå Fitjadalen og opp til Breidablik, og frå Breidablik og ned til Solheimsdalsvatnet (jf. *vedlegg 5*). Vi vil her leggja til at ein populær rundtur går frå Fitjadalen – Breidablik – Solheimsdalsvatnet - Fugladalsvatnet og ned langs Vossadalen attende til Øystese.

**14.** Bilete som syner vassføringa i øvre del av Øystesevassdraget ein vanleg haustdag (19.10.2008). Vi meiner at ein reduksjon av vassføringa her vil ha ein stor negativ konsekvens for friluftslivets opplevingsverdi, og at den landskapsmessige konsekvensen vil vera stor negativ som følge av inngrep i vasstrengen.



**Bilete 7** Vassføringa i øvre del av Øystesevassdraget ein vanleg haustdag Foto: Bergens Tidende (2008)


Vi håpar at Norges vassdrags- og energidirektorat vil ta omsyn til dei nye opplysingane gjeldande friluftslivet slik at ny kunnskap om friluftslivet og nye opplysingar om aktivitetar i influensområdet kan leggjast til grunn for innstillinga, som er under utarbeiding. Dersom NVE har spørsmål gjeldande desse saksopplysingane er det berre til å ta kontakt.

Med vennleg helsing

Jane Britt Daae  
Fungerande dagleg leiar  
(sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez  
Naturvernansvarleg

## Vedlegg 1:



**Figur 4** Kartet er henta frå s. 239 i boka "Folket og fjellet – ein stølsheim i Hardanger" av Samson Bjørke (1985). Kartet viser fjellområdet mellom Hardangerfjorden, Voss, Samnanger og Vaksdal, og syner dei gamle ferdselsvegane i Kvammafjella og Bergsdalsfjella. Fleire av ferdselsvegane er framleis i bruk i dag.

**Vedlegg 2:** Aktivitetar i området sett i lys av NVEs utgreiingskrav 11. mai 2011; "Det skal gjøres rede for dagens bruk av området. Dette inkluderer en beskrivelse av hvem som bruker det, hvilke aktiviteter som foregår, om området gir atkomst til andre områder av betydning for friluftsliv og om området er en del av et større friluftsområde". Vi dokumenterer eit utval av turar i regi av Bergen og Hordaland Turlag for 2013 i området. Vi presiserer at området sjølvsagt er mykje brukt til friluftsliv som ikkje nødvendigvis er registrert og dokumentert av vår organisasjon.

Aktivitetar i tilknytning til Vending turisthytte
Skitur dit det er snø
Turledersamling på Alexander Grieghytten for hele Bergen Turlag
Septembertur til fjells
Familietur: Med unge steg til Vending 8 - 12 år
Barnas Turlag: Hamlagrø - Vending
Fjelleir nr. 3 i Bergsdalen: 8-12 år
Bergsdalen en oval helg i august? (Vandregrupper)
Ta turen før det er for seint - Vending og Øystesevassdraget
Lette turer i Bergsdalen - Vending og fjellslottet Breidablik
Høgabu - Vending - Kvamskogen
Fjelleir nr. 2 i Bergsdalen: 8-12 år
Fjelleir nr. 1 i Bergsdalen: 8-12 år
Dugnadshelg - Vending
Bergsdalsfjella
Telttur Hamlagrø
Klassikeren Hamlagrø - Kvamskogen
Helgetur til Vending
Jente-gormet-tur på ski i Bergsdalen
Unge voksne (25-35 år): Quiz på Vending (Ungdomsgrupper)

Aktivitetar i tilknytning til Høgabu
Allehelgenstur til Høgabu
Turleiarkurs
Grunnleggende ungdomsturlederkurs
Tematur kart og kompass på Høgabu

Aktivitetar i tilknytning til Breidablik
Septembertur til fjells
Høgt og lågt i Hardanger på ei helg: Døgnope, Skrott og Breidablik.
Fjelleir nr. 3 i Bergsdalen: 8-12 år
Skrott og Breidablik
Tur til Skrott, Øystese
Lette turer i Bergsdalen - Vending og fjellslottet Breidablik
Fjelleir nr. 2 i Bergsdalen: 8-12 år
Fjelleir nr. 1 i Bergsdalen: 8-12 år

**Vedlegg 3:** Eit utval av relevante nyhendeoppslag som dokumenterer friluftslivbruken og friluftslivinteressene knytta til Kvammafjella og Bergsdalsfjella i 2013 (vedlegg \*.pdf og \*.jpg):

Eva S. Johansen (10. oktober 2013). "Ta turen til Kvamsfjellen". Bergensavisen.

Britt Embry (8. oktober 2013). "Ny eventyrhythye i idyllisk dal". Bergensavisen.

Sigbjørn Linga (8. oktober 2013). Intervju med Kjell Inge Tufte Tyssen, leiar i Kvam Turlag. Hordaland Folkeblad.

Johs. Børve (10. september 2013). "Breidablik sommaren 2012". Hordaland Folkeblad.

Birgitte B. Lygre (25. august 2013). "Veiviseren". Bergens Tidende.

Åsmund Soldal (16. juli 2013). "Taggarane i høgfjellet" (om merking av turstier ved Kvam Turlag). Hordaland Folkeblad.

Åsmund Soldal (16. juli 2013). "Følgjer opp gjestfridomen" (om Breidablik og Vending). Hordaland Folkeblad.

Kristine Næss Thorsen (8. juni 2013). "Hytteperler for de minste" (om blant annet Vending, ved foten av Fuglafjellet). Bergensavisen.

Geir Geitle (31. august 2013). "Eventyrslottet Breidablik". Hordaland.

Knut Langeland (17. mars 2013). "Vårskitur til toppen av verda". Bergens Tidende.

Sigbjørn Linga (15. januar 2013). "Grønt lys på Breidablik". Hordaland Folkeblad.

Lars Arvid Oma (24. august 2012). Om friluftslivet langs Øystesevassdraget. Hordaland Folkeblad.

Åsmund Soldal (7. august 2012). "Deler tun med rein og rype". Hordaland Folkeblad.

**Vedlegg 4:** Eit utval av friluftslivlitteratur som er relevant for Kvammafjella og Bergsdalsfjella, og som skildrar bruken av området:

Knut Langeland (2013) ”Sjelebot: 33 tur- og naturperler i Hordaland”. Selja Forlag.

Torill Aase (2012) ”Brosjyre om Bergsdalen”. Utgjeve av Bergen Turlag.

Bergen Turlag (2012) ”Skiturer i Bergsdalen” (skildrar også traseen Hamlagrø – Kvamskogen, og tur Hamlagrø til Skrott)

Sveinung Klyve (2010) ”Med fiskestonga i sekken – Fisketurar i Stølsheimen og Bergsdalsfjella”. Utgjeve i samarbeid med Bergen Turlag.

Anne Rudseng og Finn Loftesnes (2007, 2. opplag) ”Opptur Hordaland – 276 fotturar”. Selja Forlag.

Eivind Senneset (2006) ”Turguiden for Hordaland”. Cox Forlag.

Lasse A. Skeie (2004) ”Stølsturar i Kvam”. Utgjeve av Kvam Turlag.

Lasse A. Skeie (2000) ”Fjellturar i Kvam”. Utgjeve av Kvam Turlag.



## Vedlegg 5: Bergsdalen og Kvammafjella (Kvamsfjella) 2013. Turstier og hytter, Bergen og Hordaland Turlag.

